# Gol sjukeheim eit stilreint og funksjonelt bygg

## Ein triveleg stad for pasientane og ein fin arbeidsplass

**Den nye sjukeheimen i Gol har no vore i drift snart ein månad, og etter ein tur innom nyleg kan me berre slå fast: heimen fungerar slik ein vona. Det er berre ros å høyre frå dei som arbeider her, og held til her, både over det fine bygget, slik det er innreidd, og fungerar.**

Før denne store sak tok fastare form vart det drøfta planer og prata. Det var noko nytt som var i emning, og dei offentlege tankar om desse opplegg var ikkje avklara. Det har jo skjedd endringar endåtil i det seinare, t.d. pålegg om berre einmans rom. Det vart difor mykje nybrotsarbeid ved å vera so tidleg ute. Men som nemnt, det syns å ha vorte gode løysingar.

Det er no tale om eventyrleg større sumar i byggekostander enn den gongen Gol bygde sjukestugu i 1959. Den gongen var det eit stort løft. Heldigvis, om krava er noko langt andre no, og prisane ikkje samenliknbare, ordninga med at fylket kjem heilt anleis inn i biletet, løyser det heile.

**Som formannen i byggenemnda, Eiliv Øynebråten, tidlegare har opplyst, ser det ut til at ein skal greie og halde seg under 10 millioner kroner for dette fyrste byggesteget.**

**Og det ein har fått for desse pengane er eit bygg på 1200 kvadratmeter grunnflate i to høgder, og med delvis loft, og med eit moderne utstyr.**



Gol sjukeheim sett frå nord, med hovudingangen.

No er bygget ferdig, og arbeidet med terrenget omkring pågår. Bygget har fleire inngangar/utgangar, og det er eit heilt lite vegnett som bind dette samen. Det er og bygt veg fram til den gamle sjukestugu som no skal fungere som opphald for 8 pensjonistar, og elles ha fødestugu og kontorrom.

Byggetida vart omlag 17 månader. Arne Tamburplass i Byggconsult har vore byggeleiar, og han syns dette har vore ein fin og interessant oppgåve. For det fyrste fordi ein ikkje trong ha eit so hardt byggeprogram at det vart hektisk. Det er aldri heldig. Det har lett for å gå ut over kvaliteten av arbeidet. Det er byggmeister Arne Strandbråten og søner, Sigdal, som har hatt hovedentreprisen, og byggeleiren gje han, utan å blunke, ei førsteklasses attest som entreprenør. Han seier det so sterkt at Strandbråten er ein mann som set si ære i å gjera det beste ut av ei oppgåve. Men elles har det vore eit fint samarbeid med alle underentreprenørane. Det har i det heile vore ein god arbeidsplass, dyktige entreprenørar og dyktige arbeidarar.

Det var mykje vatn i grunnen, og ein fekk adskillig vanskar med kjøving den fyrste tida. Men det gjekk Elles har ein løyst problema etter kvart og det har heile tida vore ein god glid over arbeidet.

Når det gjeld funksjonane i bygget, spurde me ogso etter det, og det vart svara: alt fungerar bra. Det er praktisk lagt opp, interiøret er avstemt i fine farger, det er ein triveleg stad å vera på, både for pasientane og dei som skal arbeide her. Og denne blome går ogso til arkitekten, m.n.a.l. Knut Askelund.



Kari Sagabråten i gåstol på ein tur rundt i salongen. Styrarinna, Anne Slåtten, til høgre. Ho er frå Torpo, og vart styrarinne på den fyrste sjukestugu som Gol bygde, og tok so over i nybygget. Den fine klokka er skore av ein goling, og er ei gåve.

### Sjølve bygget

er ført opp i betongsøyler, forblenda med lecablokkar, med strukturpuss utanpå. Denne ru overflata har gjeve liv i veggene, og den grå fargen står fint til dei svartmåla gesimsane og det svarte taket, med mørkraudt rundt vindaugo. Bygningskroppane er ein T, lagt godt ned i lendet. Og Gol held fast på den fine sida ved byggestilen i Hallingdal: saltaket. Dei har heldigvis ikkje falle for freistinga til å laga blokkar som bryt sterkt med byggemiljøet elles.

Innvendig er veggene kledde med gipsplater, mykje grunna brannsikring, og utanpå anten latex-måling eller glasfiberstrie. På golva er stort sett vinylbelegg, slitesterkt og lett å vaske. I sokkelhøgda finn ein terapirom, rom for hårpleie og fotpleie, her er kjøle- og fryserom, og lager, og eit kapell.

Over til s. 11


Bygningsmessige arbeidene er utført av
A. Strandbråten og Sønner
3358 Nedre Eggedal
Tlf. Sigdal 952 – 964

Kanal-leveranse
Innvendig og utvendig blikkenslagerarbeider er utført av
GOL INDUSTRIER A/S «en miljø bedrift»
GOL — TELEFON 327

Ventilasjonsanlegget er utført av
INGENIØRFIRMAET THEODOR QVILLER A/s
LUFT-TEKNISKE ANLEGG
Stenersgt. 8 – Oslo 1 - Telefon 20 21 17

Bygningstekniske konsulenter ved prosjektet
SIVILINGENIØR
R. Brusletto A/s
Lilleakerv. 31, Oslo 2. Tlf. 55 55 90
3550 Gol. Tlf. Gol 270.

Grunnarbeidene er utført av
Kinneberg & Golberg
Tlf. Gol 38 og 219

Alt i glassarbeider utført av
Hallingtre A/s
Gol tlf. 484

Rådgivende ingeniører for de elektriske anlegg og heisanlegget:
INGENIØR
Olav Kildal A/s
MNIF – MRIF
Rådgivende ingeniører Elektroteknikk
Bogstadveien 11, Oslo 3

Vi gratulerer
GOL KOMMUNE
med det nye
HELSETUNET
og takker for oppdragene

Sanitæranleggene
RØRLEGGER
Per Waldrop
Tlf. Ål 253

Maler- og byggtapetserarbeidene
MALERMESTRANE
Arne Ødegård
Kjell Reidar Noss
Birger Hjallen
GOL. Tlf. 139

Alle elektriske installasjoner
Gunnar O. Kristiansen
Tlf. Gol 414

Kjøle- og fryseanlegget
Hallingdal Kjøleservice
Oddbjørn Larsen
Tlf. Gol 194

Utomhusanlegget ved Gol Helsetun prosjekteres av firmaet
landskapsarkitekter MNLA
Terje Hindhamar – Trygve Sundt
Willy Thomassen
Rådmann Halmrasts vei 18
1300 Sandvika

VVS anlegget er tegnet, prosjektert og fulgt opp av
RÅDGIVENDE INGENIØRKONTOR
John Sand A/s
Christophersvei 2, Oslo 8
Tlf. (02) 23 40 88

Varmeanlegg og oljefyring
Arnfinn Andersen
Nesbyen - Tlf. 254
AUTORISERT RØRLEGGER



Inne i det store og velutstyrte kjøkenet. Frå høgre ser me kokka, Karoline Hansen, Anne Bakke og Magnhild Neverdal. Oline Hellesnes er kjøkensjef.



Til høgre Margit Løstegård i hyggeleg passiar med Gudrun Aasen. Til venstre Ingeborg P. Viko.



Lærarinne Nina Molstad Andresen driv her arbeidsterapi, noko som er svært populært.

Under eine etasjen er det store kjøkkene plassert, med moderne utstyr og stort nok til å kunne makte matlaginga til ogso andre bygg som måtte koma i den samla helsetunplan.

I den øverste etasjen finn ein, mot sud, opphaldsrom, salongar, spiserom, vaktrom, kontor, og vidare innover: avdelinga for sengeliggjande, med rom for pårørande, stort bad, skjulerom, o.s.v. Og ei avdeling er for uppegåande. Her er i alt 30 sengeplassar, i 11 dobbeltrom og 8 enkelte. Nokre rom har eigen dusj og W.C. Eit loftrom på 2–300 kvadratmeter kan innreidast seinare. Sentralt i bygget er heis, også for bårer. Styrarinna, Anne Slåtten, fylgjer oss rundt i bygget og seier at det tok utruleg kort tid so fann alle seg heime.

### Ein herleg arbeidsplass

Me råkar og på Gunnhild Slatto, som er sjukesyster her. Ho var styrarinne på Gol gamleheim i 32 år, og seier at dette er ein herleg arbeidsplass. Me hadde det godt på gamleheimen og, men å koma til dette nye tidsmessige bygget var ei oppleving. Og elles er det lagt slik opp at pasientane både kan få terapi, gymnastikk og arbeid. Det er svært viktig både å halde kroppen ved lag og fylle tilveret med noko, hobbyarbeid og liknande. Elles er er her radio og fjernsyn, slik at den einskilde kan få fylgje med i livet utanfor. Blad og bøker er og ein sjølsagt ting. Ved ingangen til stugu er kiosk, der ein kan få kjøpt vanlege kioskvarer.

### Mange gåver

Det var eit stort ynskje i Gol å få denne heimen ferdig so snøgt som råd. Og at folket har fylgt levande med i dette er dei mange gåvene som alt er kome eit godt bevis på. Det er åklede, piano, stuguklokker, utskorne skap, for å nemne. Og det kjem sikkert meir.

### Det skal bli fint ogso ute

Arbeidet på området omkring pågår, som nemnt. Det er ført opp gatelys, og vegane er komne på plass. Dei skal asfalterast. Og so skal det vera grøntområder, der Gol hagelag skal stå for plantingane for ein del. Det er lagt att store steinar som gjer terrenget naturleg. Det skal i det heile blir virkelg fint ogso ute.

### Byggenemnda

har naturleg hatt mange møter, og er nok letta no når alt er i ferd med å bli avvkila. Som nemnt, Eilev Øynebråten, formann, med distriktslækjar K. Hauge Nilsen, Jostein Rivedal, Gunnhild Slaatto, og Solveig Villand Lindheim som medlemer.

Og samarbeidet i nemnda har vore svært bra heile tida.

Det er god grunn til å ynskja Gol til lykke med den fine sjukeheimen.

## Interdistriktskamp i friidrett:

# Ringerike vant foran Hallingdal

Blant de nye tiltak Øvre Buskerud Friidrettskrets har satt i gang i år, er en konkurranse mellom kretsene 3 naturlige geografiske områder: Ringerike med Hole og Jevnaker, Hallingdal, og Modum, Sigdal, KRødsherad, Bakke I Ø. Eiker.

Konkuransen blei i år avviklet på Noresund med Krødsherad som teknisk arrangør.

Hvert distrikt stilte 2 deltakare i hver øvelse i hver årsklasse. Det var 4 øvelser i hver årsklasse, et sprintløp, et hopp, et kast og 1 lengre løp.

I de fleste grener var det noenlunde jevnt, men Ringerike vant en sikker seier takket være sin overlegenhet på de lange løpa.

**JENTER**

Kule, 4 kg:

1961: 1) Siri Merethe Kaldager, Øen 7,99, 4) Sylvi Stolpenes, Hemsedal 6,38, 5) Kirsti Manland, Gol 6,01.

1962: 1) Sigrid Gislerud, Flå 7,19, 4) Tovce Tollefsen, Flå 6,68.

Kule, 3 kg:

1963: 1) Torunn Kornstad, S 8,61, 5) Jorunn Skulasjon, Nesb. 6,41, 6) Gunnbjørg Dokk, Hemsedal 5,55.

1964: 1) Hanne Øvergård, M 8,66, 4) Målfrid Plassen, Flå 7,42, 6) Marit Breivik, Flå 6,37.

1965: 1) Bente Helene Bråten, Nesb. 7,25, 3) Sølvi Totland, Nesb. 6,63.

1966: 1) Synnøve Thoresen, M 5,42, 39 Siri Brunborg, Gol 5,01, 6) Marianne Strømmen, Gol 4,04.

**Høgde:**

Junior: 1) Marit Aaby, Sigdal 1,61, 2) Kari Gulsvik, Nesb. 1,54.

1961: 1) Sylvi Stolpenes, Hemsedal 1,25, 4) Ragnhild Halbjørhus, Hemsedal 1,20.

1962: 1) Tone Dalen, Sokna 1,45, 3) Elin Trageton, Nesb. 1,35, 6) Wenche Grøtt, Nesb. 1,20.

1963: 1) Lill Rundtom, Sokna 1,40, 2) Bodil Kvanne, Nesb. 1,35, 4) Gunvor Kolsrud, Ål 1,25.

1964: 1) Bjørg Nestegård, Nesb. 1,40, 23) Turid Lien, Flå 1,30.

1965: 1) Gro Gulsvik, Nesb. 1,25, 3) Sølvi Totland, Nesb. 1,05.

1966: 1) Synnøve Thoresen, M 1,22, 6) Siri Brunborg, Gol 0,95.

**GUTTER**

**Lengde:**

1959: Stein Arild Gjestmoen, Nesb. 5,87, 2) Lasse Evensen, Jevnaker 5,415) Richard Frydenberg, Flå 5,11.

1960: 1) Gudmund Olsen, S. 6,22, 2) Per Stenberg, Jevnaker 5,49, 3) Jostein Sørbøen, Ål 5,29, 6) Kjell Magne Fauske, Gol 4,33.

1961: Leif Inge Reime, Nesb. 6,02, 2) Hans Petter Bakke, S 5,75, 3) Finn Tore Lindahl, Nesb. 5,42.

1962: 1) Stein Sandanbråten, Nesb. 5,49, 2) Lars Rune Monsen, K 5,28, 6) Tov Sundbrei, Ål 4,90.

1963: 1) Arild Pedersen, M 4,92, 4) Geir Ellefsen, Flåværingen 4,51, 5) Einar Haraldseth, Nesb. 4,26.

1964: 1) Jan Ovnen, S 4,93, 2) Even Bolstad, R 4,68, 5) Sjur Hanserud, Nesbyen 4,49, 6) Svein Bæra, Ål 3,57.

1965: 1) Bjarne Johansen, M 4,98, 2) Knut Johansen, Flå 4,22.

1966: 1) Morten Olsen, Sigdal 4,05, 2) Nils Åsand, S 3,90, 3) Bård Windingstad, Gol 3,89, 5) Gaute Gulliksrud, Gol 3,89.

Spyd: 1959/60 800 g. 1961/62 600 g.

1959: 1) Bjørn Ovnerud, R 40,46, 4) Stein Arild Gjestemoen, N 32,90, 5) Richard Frydenberg, Flå 31,89.

1960: 1) Gudmund Olsen, S 50,64, 5) Kjell Magne Fauske, Gol 17,32.

1961: 1) Leif Inge Reime, Nesb. 46,72, 2) Pål Mikkelsplass, Nesb. 36,02.

1962: 1) Morten Finnerud, R 42,98, 2) Stein Sandanbråten, Nesb. 37,68.

Liten ball 150 g:

1963: 1) Einar Haraldseth, Nesb. 62,16.

1964: 1) Jan Ovnan, S 70,00, 5) OPdd Stenersen, Gol 49,66.

1965: 1) Jens Plassen, Flåværingen 49,32, 4) Terje Nyhus, Ål 43,76.

1966: 1) Jan Torset, Gol 51,40, 6) Gauite Gullingsrud, Nesb. 42,54.

**Jenter**

**Sprint 100 m/ 60 m.**

Junior: 1) Anne Marit Vold, R 13,6, 4) Alice Bråthen, Geilo 14,5, 6) Ann Heien, Flå 14,7.

1961: Siri Merethe Kaldager, Øen 12,9, 4) Anny Johansen, Nesb. 14,7, 5) Tove Stolpnes, Hemsedal 14,7.

1962: 1) Elisabeth Faxvaag, R 14,1, 6) 4) Vivian Tangnæs, Flå 14,7, 6) Wenche Grøtt, Nes 15,3.

1963: 1) Trine Solheim, R 8,9, 3) Jorunn Skulosen, Nesb. 9,1, 4) Kjerstin Standenes, Nesb. 9,1.

1964: 1) Hanne Øvergård, M 8,9, 2) Torgunn Kolsrud, Flå 8,9, 6) Marit Breivik, Flåværingen 9,2.

1965: 1) Gro Gulsvik, Nesb. 8,8, 4) Ann jkkristin Rønning, N 9,4. 1966: 1) Kristina Bråthen, S 9,3, 4) Ellen Margrethe Eidal, Nesb. 9,7, 6) Turid Brenn, Gol 9,9.

**800 m:**

Junior: 1) Trine Fridén, R 2,30,0, 3) Alice Bråthen, Geilo 2.40,4, 5) Gro Monland, Gol 3.00,0.

1961: 1) Wenche Jansen, R 2.30,4, 2) Kristi Monland, Gol 2.47,5, 3) Sigri Flaget, Hemsedal 2.48,2.

1962: 1) Berit Thorvaldsen, Holev. 2.28,3, 4) Signe Gehlen, Geilo 2.44,7, 5) Solfrid Engene, Hemsedal 2.49,8.

1963: 1) May Britt Bråthen, Hole 2.40,6, 2) Bente Trinterud, Ål 2.44,1, 3) Gunbjørg Dokk, Hemsedal 2.45,0.

1964: 1) Anne Gro Tandberg, R 2.29,6, 2) Bjørg Nestegård, Nesbyen 2.51,0,å 3) Turid Lien, Flåværingeni 2.51,5.

1965: 1) Liv Tangen, R 2.29,9, 3) Tina England, Gol 2.51,4, 4) Siri Standnes, Nesb. 2.55,1.

1966: 1) Trine Lise Nilsen, R 2.39,7, 4) SRagnhild Thora Skulason, N 3.01,2, 5) Marianne Strømmen, Gol 3.06,4.

**GUTTER**

**Sprint 100 m/60 m:**

1959: 1) Lasse Evensen, Jevnaker 11,7, 2) Stein A rild Gjestemoen, Nes 11,8.

1960: 1) Gudmund Olsen, S 12,0, 4) Jostein Sørbøen, Ål 12,7, 6) Kjell Magne Fauske, Gol 13,6.

1961: 1) Jostein Amlien, R 12,2, 2) Hans Petter Bakke, Sigdal 12,4, 4) Leif Inge Reime, Nesb. 12,8.

1962: 1) Stein Sandanbråten, Nes 12,9, 5) Tov Sundbrei, Ål 13,3.

1963; 1) Grank Roger Kivesen, R 8,2, 2) Geir Ellefsen, Flå 8,2, 3) Einar Haraldseth, Nesb. 8,4.

1964: 1) Jan Ovnan, S 8,2, 3) Torbjørn Kvinnegaard, Ål 8,5, 4) Sjur Hanserud, Nesb. 8,6.

1965: 1) Knut Georg Johansen, Flå 8,6, 5) Hallgeir Lislegard, Nesb. 9,4.

1966: Morten Olsen, S. 9,1, 5) Bård Windingstad, Gol 9,5, 6) Gunnar Petter Torberg, Nesb. 9,7.

**1500 m/800 m:**

1959: 1) Lasse Evensen, Jevnaker 4.13,4, 3) Torgny Stave, Ål 4.41,3, 5) Richard Frydenberg, Flå 6.10,3.

1960: 1) Helge Bergstrøm, Jevnaker 4.23,6, 3) Kjell Magne Fauske, Gol 4.44,6, 4) Jostein Sørbøen, Ål 4.54,8.

1961:! Pål Mikkelplass, Nesb. 4.22,0, 6) Kjell Vidar Bidne, Nesb. 5.12,6.

1962: 1) John E. Rovelstad, Hole 4.3,3, 4) Stein Sandanbråten, N 5.03,4, 5) Rolf Helge Evju, Nesb. 5.24,å0.

1963: 1) Frank Roger Kivesen, R 2.20,8 4) Einar Haraldseth, Nesb. 2.30,0 5) Nils Høva, Nesb. 2.30,1.

1964: 1) Erik Østby, R 2.24,5, 4) Erling Glesne, Flå 2.51,3, 5) Sjur Hanserud, Nesb. 2.58,5.

1965: 1) Knut Johansen, Flå 2.31,2, 5) Jens Plassen, Flå 2.50,0.

1966: 1) Bjørn Steinar Tuftin, R 2.31,5, 2) Gunnar Torberg, Nesb. 2.40,6, 6) Jan Torseth, Gol 2.54,7.

Sammenlagt gutter og jenter:
Modum, Sigdal og Krødsherad: 399,5.
Hallingdal: 410.
Ringerike: 480,5.

## Overgangar – Overgangar –

### Rense...

Sjølv har Erland Nordhagen investert godt over ein million kroner i det anlegget han har på Bromma. Størsteparten av omsetninga skriv seg frå turistar.

– Det er litt bittert når ein høyrer at det blir snakka om at det er nødvendig å skaffe arbeidsplassar. Ved dette anlegget er det sysselsett 8 personar i heiltidsstilling, pluss mange på deltid. Enkelte månader har vi vore oppe i eit totalt tal på arbeidstakarar på over 20 personar.

– Kva meiner så Nordhagen om den protesten som har kome frå grunneigarane mot det planlagte bustadfeltet?

– Eg ser den protesten som ufornuftig. Det må vere feil veg å gå. Når folk vil bu her på Bromma, må dei få lov til det. Eg har merka meg at mellom protestane er det folk som har fått kjøpe tomt og sett opp hus her. No protesterer dei mot at fleire skal få koma hit. Men no må me hugse på at butikken her går med statstilskot, den må ha fleire kundar for å klare seg. I år heldt me på å miste posthuset, det fekk eksistere vidare takka vere at generalplanen hadde lagt opp til utvikling på Bromma.

– Mitt syn er at det ganske sikkert vil bli eit bustadfelt her. Eg er samd i plasseringa av det feltet som det er snakk om, sjølv om eg godt kan forstå at ein grunneigar protesterer på å få lagt dette feltet på si jord. Og når eit felt blir planlagt for 25 bustader, er ikkje dette det same som at det plutseleg kjem 25 nye hus her. Eg trur og at det i alle fall vil bli bygd eit renseanlegg på Bromma, anten vi får bustadfelt eller ikkje, seier Erland Nordhagen.

### Hallingrussen ...

seint og tidleg og ikkje berre i Hallingdal, men i Sigdal, Valdres og heilt i Lærdal. Og dalens forretningar, av ymse slag, hadde støtta fint upp om avisa med lysingar.

Det hadde vore mykje arbeid av mange, men Brøto tykte det var hyggeleg å få overlevere denne gåva.

Og gåva vart motteke med mange takk. Mari Sundbrei bar fram takk frå Hallingdal Vanførelag, og Sverre Åker frå Steensheim. Han måtte vedgå at han hadde vorte heilt varm i kjako i denne stund. Det var ei stor glede å kunne få dette vitnemålet om at dagens ungdom bar i seg ei so sterk medkjensle med sine medmenneske, som gåva synte.

Og Steensheim set stor pris på gåva. Det er behov for eit fargefjernsyn til (røykjarar og ikkje røykjarar), me treng ein mixmaster. Men denne er so dyr at ein har ikkje hittil sett seg.råd til slikt. Dette er til stor hjelp for betjeningen, men vil også koma pasientane tilgode. Og me treng å gje ut ei ny brosjyre om staden. Elles vil pengane bli brukt til beste for dei som er her, lova han. Det er heilt utruleg at denne ungdomsflokken har makta dette ved sida av lekselesinga. Sverre Åker ba Brøto bera attende styrets varmaste takk!



Fasaden sett frå vest. Kjøkenet er i sokkelhøgda, til venstre. Over der avdelinga for oppegåande.

Hallingdølen
Postboks 205, 3570 Ål
Tlf. Ål 111 (sentralbord)
Avdelingskontor Nesbyen tlf. 98
(kvar måndag og torsdag)

Privattelefonar:
Redaktør Sigbjørn Tormodsgard- Ål tlf. 16
Disponent Erling Vindegg, Ål tlf. 135
Faktor Terje Snare, Ål tlf. 156
Journalist Sigmund Krøvel-Velle, Ål tlf. 486
Journalist Lars S. Strand, Ål tlf. 174
Journalist Paul Breiehagen, Ål tlf. 3

Trykt og utgjeve av Hallingprent A/S, Ål